

Njåstad Samdrift Da
Njåstad
5282 Lonevåg

Vår dato: 15.05.2023
Vår referanse: 23/34362- 2
Dykkar dato: 20.03.2023
Dykkar referanse:

UO Offl. § 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1

Avslag på søknad om dispensasjon frå søknadsfrist - tilskot ved produksjonssvikt, grovôr 2022

Vi viser til søknad om dispensasjon frå søknadsfristen, datert 26.02.2023, i høve tilskot ved produksjonssvikt i grovfôr 2022. Søknaden gjeld føretaket Njåstad Samdrift DA (org.nr. 985687641).

Søknaden om dispensasjon er behandla etter «forskrift 17.1.2012 nr. 56 om tilskudd ved produksjonssvikt i plante- og honningproduksjon» (produksjonssviktforskrifta) og «forskrift 1.8.2018 nr. 1215 om satser for og beregning av produksjonssvikt i plante- og honningproduksjon» (sats- og beregningsforskrifta).

Vedtak

Landbruksdirektoratet avslår søknaden om dispensasjon frå søknadsfrist, jf. produksjonssviktforskrifta § 11 tredje ledd, jf. § 5 første ledd.

Etter forvaltningslova kap. VI kan det klagast på vedtaket om dispensasjon til Landbruks- og matdepartementet innan tre veker etter at dette vedtaket er motteke. Klaga skal sendes Landbruksdirektoratet.

Mottekne saksdokument

- Søknad om dispensasjon, datert 26.02.2023
- E-post med stadfesting av sjukdom, frå Liv Kristin Sola, datert 27.02.2023
- Oversending frå Osterøy kommune datert 01.03.2023
- Oversending frå Statsforvaltaren i Vestland, datert 20.03.2023

Bakgrunn for saka

Njåstad Samdrift DA søkte den 26.02.2023 om dispensasjon frå søknadsfristen for tilskot ved produksjonssvikt i grovfôrproduksjonen i 2022. Søknaden er sendt av dagleg leiar Svein Jarle Njåstad, og er grunngeve med eigen sjukdom. Njåstad skriv at han var bortreist i samband med ei bursdagsfeiring siste helga i oktober og vart sengeliggende med nærmare 40 i feber siste veka i oktober. Han viser til at han ikkje var i form til å tenkje på fristen for å søke om erstatning for avlingssvikt før han var på føtene og kom seg heim att den 01.11.2022. Sjukdommen og besøket er stadfesta av Liv Kristin Sola i ein eigen e-post vedlagt søknaden.

Njåstad skriv vidare i søknaden at han har eit godt utgangpunkt for å seie nøyaktig kor mykje avlingsreduksjonen var i 2022 samanlikna med eit normalår, og beskriv fjoråret som ein kamp for å berge nok fôr til dyra. Han har kjøpt inn 250 rundballar for å sikre nok fôr.

Njåstad skriv at han respekterer at det må vere ein frist i slike saker, men meiner at å avvise ein søknad som kjem inn berre timar etter at fristen er ute, er ein svært streng reaksjon. Ikkje minst i eit år og ei tid som er svært krevjande økonomisk for alle bønder.

Osterøy kommune hadde ikkje registrert at søknaden var komen inn ein dag etter fristen før Statsforvaltaren i Vestland gjorde dei kjende med det. Dei vidaresender dispensasjonssøknaden utan nærmare vurdering.

Statsforvaltaren i Vestland viser i si oversending til regelverket for dispensasjonssøknader og til grunngevinga i søknaden, men gjer heller inga nærmare vurdering av denne.

Landbruksdirektoratet si vurdering

Fristen for å søkje tilskot ved produksjonssvikt er 31.10. i skadeåret. Dette fylgjer av sats- og berekningsforskrifta § 3 første ledd. Landbruksdirektoratet opplyser på våre heimesider om at fristen den 31.10. er absolutt og at søknader som kjem etter fristen ikkje vil bli behandla.

Landbruksdirektoratet kan likevel gje dispensasjon frå søknadsfristen dersom det ligg føre eit særleg tilfelle. Dette fylgjer av produksjonssviktforskrifta § 11 tredje ledd, jf. § 5. Åtgangen for dispensasjon er meint som ein sikkerheitsventil, og skal berre nyttast i heilt spesielle høve, til dømes for å unngå utilsikta konsekvensar av regelverket. Eigen alvorleg sjukdom, ulykker og dødsfall kan vere høve som reknast som særlege tilfelle.

Spørsmålet vert da om det ligg føre eit særleg tilfelle som gjer grunnlag for dispensasjon frå søknadsfristen i denne saka.

Dagleg leiar for føretaket viser til at han var bortreist i samband med ei bursdagsfeiring siste helga i oktober og vart sjuk med opp mot 40 i feber medan han var borte. På grunn av sjukdommen kom han seg ikkje på føtene og heim att før den 01.11.2022, det vil seie etter søknadsfristen. Fagsystemet for ordninga (Elf) viser at søknad om tilskot frå føretaket vart oppretta og sendt kvelden den 01.11.2022.

Landbruksdirektoratet vurderer at sjukdom vil kunne kvalifiserast som eit særleg tilfelle. Dette vil likevel gjelde berre der sjukdommen er av ein slik karakter at søkar ikkje har hatt moglegheit til å fremme søknad innan fristen.

Ut frå opplysningane i saka, vurderer direktoratet at sjukdommen er akutt og har oppstått nokre dagar før søknadsfristen. Sjølv om sjukdommen er bekrefta av den Njåstad var på besøk hos, ligg det likevel ikkje føre sjukemelding eller legeerklæring som stadfester at sjukdommen var av ein slik karakter at det var umogleg for han å overhalde søknadsfristen. Beskrivinga av sjukdomsbiletet, med opp mot 40 i feber over nokre dagar, er etter Landbruksdirektoratet si vurdering ikkje alvorleg nok til å gjere det umogleg å sende inn ein søknad om tilskot.

At Njåstad var bortreist, vil naturlegvis kunne gjere innsendinga meir komplisert. Å reise bort i dagane før ein søknadsfrist er likevel eit val, og det var fullt mogleg å til dømes sende inn søknaden i forkant av reisa. Å vere bortreist vurderast heller ikkje å gjere innsendinga umogleg. Direktoratet vil her peike på det særlege ansvaret som sjølvstendige næringsdrivande har for å mellom anna ha rutinar som sikrar at ein overheld søknadsfristar.

Dispensasjonsåtgangen for produksjonssviktordninga praktiserast strengt. Med grunnlag i vurderingane over, konkluderer Landbruksdirektoratet med at det ikkje ligg føre dokumentasjon på at omstenda i saka er alvorlege nok til å kunne seies å vere eit «særlege tilfelle». At ein er inne i ei tid som er krevjande økonomisk for mange bønder, finn direktoratet heller ikkje å kunne tillegge vekt.

Landbruksdirektoratet avslår difor søknaden om dispensasjon.

Med helsing
for Landbruksdirektoratet

Kai Terje Dretvik
seksjonssjef

Grete Mari Sand
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng difor ingen signatur.

Mottakar:
Njåstad Samdrift Da

Kopi til:
Osterøy kommune
Statsforvaltaren i Vestland

Rådhusplassen
Njøsavegen 2

5282 LONEVÅG
6863 LEIKANGER